



**Hobbyklubben si refleksveke er i gang. Den starta med at 5 frå klubben delte ut refleksar i alle klassane ved skulestart i dag. Det var eit populært tiltak og utdelarane vart belønna med klappsalvar etter kvart som dei var innom i klasseromma.**

Ingvill Myklebust, Solveig Haugland, Kjartan Tungesvik og Veslemøy Haugland frå Hobbyklubben delte ut refleksar saman med leiar Tore Mathiesen og kvartetten las ei viktig melding der dette var det viktigaste innhaldet:

- Mange fotgjengarar trur at dei sjølv ser bilen, så ser sjåføren dei. Men i mørke haust- og vinterkveldar kan det nesten vera umulig for bilisten å sjå fotgjengaren langs vegkanten når du ikkje brukar refleks. Utan refleks er du synleg først på 25-30 meters hald.

Med refleks er du synleg på 140 meters hald når bilen har nærlys. Og med fjernlys kan bilføraren sjå deg på 400 meters avstand. Refleksen bør hengje i knehøgde for å ta i mot mest mulig lys frå billyktene. Bruk to refleksar og bli sett frå begge sider når du kryssar vegen.

Refleksutdelinga held fram i Hobbyklubben på bedehuset i kveld og på SPAR fredag og laurdag. På Hobbykvelden blir det reflekstevlingar, demonstrasjon av refleks, pizza og brus. Der er alle frå 5. klasse og oppover velkomne. Bileta er frå refleksutdelinga i 1. klasse.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

